

Har publisert 500 lesarbilde. Treng fleire.

24.09.2017



Uskedal kyrkje med julegrana i bakgrunnen.

**Biletet over var det første lesarbildet som vart presentert på Uskedalen.no etter at vi starta spalta. Fotograf av dette vakre fotoet av Uskedal kyrkje er Einar Gjertsen, og det vart publisert 8.januar 2015. Nyleg passerte vi imponerande 500 lesarbilete som har vorte sendt inn av heile 43 ulike lesarar. Tusen takk til alle saman!**

Lesarbildespalta er blitt populær blant lesarane våre, og særleg på søndagar ser vi at ein del lesarar tar seg god tid med bileta som vert presentert i spalta. Den første månaden presenterte vi eitt nytt biletet kvar dag, men så gjekk vi over til annankvar dag. Det har vi klart å halda heile tida takka vere god hjelp frå mange fotograferande lesarar. Eg synest det er imponerande!!

Dersom vi i periodar får mange innsendingar, legg vi bilde i ei mappe på vent. Derfor kan det ta litt tid før nokre kjem på trykk. Nokre naturbilete med dato ventar vi også med til komande år slik at vi kan samanlikna frå år til år. Hugs at om det vert litt tid å venta på biletet set vi svært stor pris på det!!

Sjølv om lesarane våre har vore særdeles flinke, minkar det no i mappa med bilde som vi har 'i bakhand'. Derfor oppfordrar vi alle som har bilde som kan presenterast til glede for lesarane, om å senda til oss. Bilda vert best med langsida ned, og dei kan sendast til uskedalen.no@gmail.com. Dersom nokre føretrekker andre sendingsmåtar, går det greitt. Vi ønskjer alle kategoriar bilde. Dei kan vera dagsaktuelle eller nokre år gamle.

Vi håpar mange vil hjelpe oss til å halda spalta 'levande' også framover. Vi gleder oss til mange bidrag! Elles nemner vi at vi er avhengig av og takksam for tips til saker vi kan ha på sida. Ekstra glade blir vi om nokon kan meldia seg og vera med å gje skriftlege bidrag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Einar Gjertsen

